

STYRESAK

GÅR TIL: Styret
FØRETAK: Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus

DATO: 24.03.2025
SAKSHANDSAMAR: Merethe Storegjerde, programleiar
SAKSANSVARLEG: Clara Gram Gjesdal, viseadministrerende direktør

SAKA GJELD: Val av utbyggingsalternativ konsept Sentralblokken (B3A avgjerd)

SAKSNR.: 25-23 A

MØTEDATO: 03.04.2025

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Bergen vedtek å greie ut utbyggingsalternativ 3. Dette alternativet inneber i første fase ombygging av Verkstadstomta og ombygging i Sentralblokka (konsept ferdig desember 2025), før ein større utbygging på sørområdet.

Bakgrunn

I Styresak 24-06 godkjende styret i Helse Bergen oppstart av arbeidet med å utvikle eit konsept for Sentralblokka. Med bakgrunn i vedtaket fremjar vi i denne saka tilrådinga om val av utbyggingsalternativ for konsept Sentralblokka (B3a avgjerd). Ifølgje “Rettleiar for tidlegfasen i sjukehusbyggprosjekt”¹ er første steg i konseptarbeidet vurdering og konklusjon av utbyggingsalternativ.

I Styresak 24-06 var planen at konseptrapporten skulle handsamast i styret i Helse Bergen i desember 2024. Konseptarbeidet vart forlengt med eitt år grunna at omfanget, moglegheitene og kompleksiteten i arbeidet auka undervegs. Framskrivingane til 2040 viste betydeleg vekst i tenestebehov i forhold til tidlegare framskrivingar, sjølv om desse prognosane er hefta med usikkerheit. Det vart klart at Sentralblokken bli for trong til å huse alle aktivitetane som er i blokka i dag derfor vart fleire utbyggingsalternativ utgreidd. Konseptarbeidet har utgreidd tre utbyggingsalternativ, i tillegg til 0-alternativet.

Vurdering

Alternativa er vurderte i forhold til måla for konseptet, i tillegg til investeringskalkyle, økonomisk berekraft og byggbarheit. Dei utbyggingsalternativa som har vore vurderte er:

Alternativ 0:

I dette alternativet gjer sjukehuset det som er nødvendig for at verksemda skal kunne drivast på ein trygg måte utan at ein gjer tiltak for å betre kapasiteten på dei ulike funksjonane. Utfordringa med alternativet er det ikkje vil bidra til å auke kapasiteten på dei kliniske funksjonane og dermed ikkje komme i møte det framskrivne tenestebehovet.

Alternativ 1:

I all hovudsak basert på det som ligg i arealdelplanen med eit nybygg bak Armauer Hansens hus (Fjellknausen), eit nybygg på lokket tomta, men med forslag om også å inkludere eit nybygg på Verkstadstomta. Dette alternativet vil heller ikkje komme i møte det framskrivne tenestebehovet og vil krevje andre tiltak for å løyse behovet. Uroa er at det vil gje større avstandar for den kliniske drifta.

Alternativ 2:

Hovudgrepet er å byggje eit nytt sengetårn på toppen av Sentralblokka mot vest og byggje om parkeringsdekket til klinisk formål. Inkluderer også utnytting av Verkstadstomta og Fjellknausen. Alternativet kan komme arealbehovet i møte som kjem av framskrivingane. Men det må finnast ei

¹ [RETTLEIAR FOR TIDLEGFASEN I SYKEHUSBYGGPROSJEKTER](#)

anna løysing for parkeringsplassar, og det er høg risiko i forhold til byggbarheit av nye sengekors, og realiseringa er avhengig av å flytte tunge kliniske installasjonar fleire gonger.

Alternativ 3:

Inneber utvikling av sørområdet med eit nybygg stort nok til at størreie funksjonar eller heile fagmiljø kan flyttast ut av Sentralblokka. Alternativet er utgreidd med moglegheit for nybygg på sør-vest (føreset riving av Konrad Birkhaugs hus) og sør-aust (føreset riving av Armauer Hansens hus). Alternativet inkluderer også Verkstadstomta. Dette alternativet vil også kunne komme arealbehovet i møte som kjem av framskrivingane, og det er byggbart, men vil gi større avstandar for klinisk personell enn alternativ 2.

Tilråding

Tilrådd utbyggingsalternativ er alternativ 3 som inneber større utbygging på sørområdet, Verkstadstomta og ombygging i Sentralblokka. Alternativet blir vurdert til å gi raskast større areal, har størst framtidsmoglegheiter og mest potensial for vidareutvikling og beredskap. Det opnar for å trinnvis utbygging og utflytting av større areal om gongen, noko som bidreg til å skjerme tilsetje og pasientar i ein ombyggingsfase av Sentralblokka. Det vil også bidra til at ombygginga av Sentralblokka kan gjennomførast meir rasjonelt.

Alternativ 3 er det alternativet som er minst konkretisert og har ikkje forslag til utforming av bygg eller funksjonsfordeling av dei kliniske miljøa. Dei andre usikkerheitene i alternativet er knytte til realisering av sørtomta og risikoaspekt som regulering, riving av Armauer Hansens hus som er eigd av Universitetet i Bergen, mogelege rekkjefølgjekrav knytt til vegsystemet i Haukelandsveien og eventuelle verneutfordringar.

Det blir lagt til grunn at utbyggingsprosjektet må løysast i fasar. Årsakene er omfanget av prosjektet, at byggjeprojektet skal gjennomførast i eit område med kontinuerleg sjukehusdrift, og økonomisk pådrag og bereevne. Fase 1 av prosjektet omfattar blant anna nytt bygg på Verkstadstomta og ombygging av ein del areal i Sentralblokka 1 og 2 etasje. Konseptet fase 1 blir lagt til grunn for søknaden som etter planen blir send til Helse Vest og Helse- og omsorgsdepartementet ved årsskiftet 2025/26. Det mest omfattande tiltaket i utviklinga av konseptet kjem i fase to med ei større klargjering av sørområdet for nybygg.

Investeringskalkylen for utbyggingsalternativ 3 er grovt rekna til 22 milliardar NOK og har ein tentativ tidslinje for realisering til 2050. Fase 1 av prosjektet er rekna til mellom 4-6 milliardar NOK og vil bli estimert grundigare i løpet av konseptutgreinga i 2025. Tentativ tidslinje for realisering av fase 1 er 2035.

Vedlegg og referansar

1. B3A Sentralblokken utbyggingsalternativ